

KRONIKK & DEBATT

KRONIKK:

Maks 5000 tegn inkludert mellomrom. Legg ved portrettfoto.

DEBATT:

Innlegg: 3000 tegn inkludert mellomrom. Replikk/kortinnlegg: 1000 – 2000 tegn.

E-post: debatt@klassekampen.no
Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innlegg.



Tollef Mjaugedal
tollefm@klassekampen.no
Kronikk- og debattredaktør



Velaug H. Sælid
velaugh@klassekampen.no
Redaksjonssekretær



Ellen Krystad
ellenk@klassekampen.no
Redaksjonssekretær

Klassekampen honorerer normalt ikke innsendt stoff. Innsenderens e-postadresse blir trykt med mindre innsenderen reserverer seg mot dette.



SØLEKOPPER? OL-budsjettet skal være under kontroll.

OL-fakta

OL 2022
Eli Grimsby



I «Dagboka» 20. mai harseleres det over politikere som søker støtte i folket for å «søle bort» 35 milliarder kroner på et OL i Oslo i 2022. I den forbindelse ønsker jeg å presisere følgende fakta:

De totale offentlige OL-investeringene og kostnadene er 22 milliarder kroner, og må ikke forveksles med størrelsen på den samlede statsgarantien på 35 milliarder kroner.

Denne garantien skal gi dekning for et, sett med norske øyne, helt urealistisk scenario der vi ikke får noen nasjonale sponsorer, ikke selger noen billetter og der alle private utbygere går konkurs.

Norges søknad om å la Oslo være vertskap for De olympiske og paralympiske vinterleker i 2022 er kvalitetssikret to ganger. Statens eksterne kvalitets-sikrer konkluderte rett før jul i fjor at den er nøktern, robust, gjennomførbar og uten vesentlige svakheter. Det er verdt å merke seg at 80 prosent av alle prosjekt i Norge som har vært gjennom statens kvalitets-sikring holder kostnadsrammen.

Alldri før har en OL-søknad fått et tilsvarende grundig arbeid så tidlig i prosessen. Vi er derfor trygge på at budsjettet vil stå seg godt.

OL-budsjettet vil gå til investeringer i idrettsanlegg og infrastruktur, til kjøp av varer og tjenester hos norske firmaer og til å ansette arbeidstgere som vil få uvurderlig og ettertraktet erfaring. Det er ikke å «søle bort», men å satse på et prosjekt som vil bety veldig mye for veldig mange.

Eli Grimsby,
direktør Oslo22
eli.grimsby@o22.oslo.kommune.no

Draumen om heiltidsbonden driv oss mot færre og større bruk Leve kombinasj

KRONIKK

Bjørn Egil Flø



I heile oppveksten min stod far min i veitene. Frå han mønstra av på 1950-talet, dyrka han jord. Fyrst på sitt eige bruk, og seinare på to nabobruk. To gongar retta han ryggen, fyrste gong i 1971, då tok han med seg dei yngste av oss på bilferie.

Og i 1981 fór han og ho mor til Trøndelag. Her møtte han fleire av «bondeeliten». Dei han kjente frå avisene og som han inntil då hadde trudd på, han vitja dei på gardane deira og snakka gardsdrift og landbruk med dei, og han kjende seg jamt meir viss på at desse ikkje var hans like.

Han nemnde ofte turen til Trøndelag. Særleg då bror min vart gripen av investeringsiver under «gullåra» på 1980-talet. «Modelane deira gjeld ikkje her», sa han, og meinte at dei gjaldt for eit anna landbruk enn det på ytre søre Sunnmøre.

«Me har gjort oss for store, men ikkje store nok», sa far min. Og då

visste ikkje eg, og ikkje han sjølv, at han gjorde den same analysen som den Cornell-baserte professoren i bygdesosiologi Fred Buttel. I artikkelen «The political economy of part-time farming» frå 1982, avdekte Buttel dei same klassestrukturane i landbruket som far min kjende på då han vitja storgardane i Trøndelag. Etter å ha stått i veitene i 25 år, etter å ha tredobla storleiken på farsbruket, rei han framleis på uroa om at han ikkje ville greie å henge med i kappløpet.

Uttrykket «the disappearing middle» spelar på fenomenet der dei middels store amerikanske bruca såg ut til å forsvinne, samstundes med at andelen store og små bruk auka. Det Buttel fann, var at metoden dei middels store bruca nytta for å møte dei fallande inntektene, var å ta arbeid utanfor. Og ulikt dei minste var dei middels store bruca for store til å kombinere.

Medan bøndene på dei minste bruca hadde kombinert med anna arbeid lenge, og også tilpassa både gardsdrifta og arbeidet utanom til ein berekraftig kombinasjon, var det uråd for dei som hadde freista å henge med på tredemølla, å brått skulle kombinere då nauda tvang dei. Der dei minste hadde tileigna seg utdanning og erfaring som kvalifiserte for godt betalte kombinasjonsjobbar, hadde fulltidsbøndene satsa alt på jordbruket og diskvalifisert seg for posisjonar i arbeidslivet som kasta av seg monalege inntekter.

Der dei minste kombinasjonsbøndene representerte ei stabil gruppe bønder som fann seg godt til rette med kombinasjonsdrifta, var dei mellomstore bønder på veg inn eller ut av næringa. Dei strekte seg etter

noko anna enn det dei hadde, og strategien vart å vekse eller avvikle. Denne vekststrategien var driven av ei framtidstru aktivt formidla gjennom autoriserte forteljningar frå landbruksdepartementet og den amerikanske bondeeliten, medan avviklingsstrategien var forankra i vonbrotet.

Det same gjeld enno i USA. I perioden 1997 til 2007 høyrde halvparten av dei nedlagde bruca til «gjennomsnittsbruket» – bruk på mellom 700



KREATIVT MILJØ: Småbønder skjønar noko storbønder og politikarar ikkje gjer

og 1500 mål. Samstundes vaks talet på bruk i USA med over fire prosent, altså nær 100.000 bruk, i same periode. Dei fleste nye bruca var på mellom 50 og 200 mål.

Veksten i talet på små bruk skjer over heile USA, men er sterkast i New England. I kjølvatnet av hippierørsla på 1970-talet har ein no kome seg ut på åkrane, og kombinerer kunnskapsbasert agronomi med høgkvalitets landbruksprodukt og kløktig organisering av distribusjons- og foredlingsarbeid. Ny-samvirke og marknadsnettverk er det nye mantraet. Dette er ikkje ein positiv respons på verkemiddel, men ein motreaksjon mot maktutøvinga frå det etablerte marknads- og distribusjonssystemet.

Dei nye bøndene gjer motsett av kva økonomane seier, dei insisterer på å vere små. Dei veks seg ikkje større enn at dei overlever. Dei gjer som dei alltid har gjort; dei kombinerer. Dei hentar inntektene sine frå eit mangfald av kjelder. Nokre er skribentar og nokre reviderer rekneskap, nokre gir råd til andre om godt føretakshushald, og andre gjer arbeid i lokalsamfunnet. Dei er etterspurde og fagleg dyktige, og drivkrafta er timane dei kan få arbeide med jorda.

Dei utviklar nye agronomiske metodar og levere produkt i toppklassa til ein jamt veksende marknad.

Det gjeld enno, det Buttel og far min såg, kombinasjonen er grunnlaget for at dei små

OVERHØRT

Det hun kaller landbruksinstituttet – jeg forutsetter at det er forhandlingsinstituttet hun tenker på.

Knut Storberget belærer Julie Brodtkorp om jordbruksforhandlingene, på Politisk kvarter

Vel er Norge lite, men i toppen av norske medieorganisasjoner er

bindingene nå så tette at du knapt får kilt inn en stadig slankere papiravis.

Geir Ramnefjell i Dagbladet

Jeg svarte at Åslog Haga-vin nok ikke var noe jeg ville satset på.

Geir Eikeland til Dagbladet om han kunne laget vin med hvem som helst, bare de var kjente

Listhaug har skubba samvirket til

sides, skifta gir og trødd litt meir på gassen. Endestasjonen er den same. Dette er ingen ny retning, men meir fart.

Tore Egil Berge om at landbruket har større problem enn Sylvi Listhaug, i Dagsavisen

Tydlig at noen i Distrikts-Norge har konfirmasjon i helga. Masse folk i dress på Gardermoen.

André Løyning på Twitter

DAGENS LØVÅS



MER DEBATT NESTE SIDE >>

...k – og vekk fra ei berekraftig matproduksjon.

Framtidsbonden!



Framtidsbonden treng ikkje å vere heiltidsbonden, skriv Bjørn Egil Flø.

FOTO: KYRRE LIEN, SCANPIX

bruka finst. Og bøndene sjølve kjenner sin verdi på marknaden og veit å skaffe seg inntekter og fleksible ordningar. Stimulert av den ideologiske draumen om heiltidsbonden flyt me mot færre og større bruk utan å kome nærare ei berekraftig auke i matproduksjonen.

Ein tidlegare arbeidskollega, frå verftet heime på Sunnmøre, minte meg om eit avisintervju med ein av industrihovdingane. Det var på 1970-talet, etter at verftet hadde teke leiinga i supplybåtmarknaden, at han takka den sunnmørske bonden for innsatsen i oppbygginga av landets mest solide industri-samfunn. Nokre år etter kom møbelhovdingen på Ekornes med ei liknande utsegn, og for ikkje lenge sidan ytra ein

entreprenør på Fosen seg i same lei. Bøndene hadde høg arbeidsmoral og praktisk røynsle, meinte industri-eigarane. Dei var vane med sjølvstendig arbeid og hadde eit pragmatisk forhold til fagrørsla.

Fagrørsla sin ivrige kamp mot fleksibilitet i arbeidslivet trefte ikkje bonden like godt. Han trong fleksibiliteten, og var like glad då han fekk beskjed om å ikkje kome på arbeid som då han fekk beskjed om å kome. Permittering vart nytta til arbeid på bruket, til gjengjeld gjekk han lange dagar ved behov.

Men industri-eigarane gjengjelde aldri bonden sin fleksibilitet. Han gav ikkje bonden rett til å ta fri under slått og sanking utan atterhald. Og ingen stod saman

med kombinasjonsbonden og kravde at verftseigarane gjorde det heller, til det var faglaga for opptekne av heiltidsbonden. Kombinasjon var som bannskap for bonde-eliten. Dei såg på kombinasjonsbonden som uekte og nekta å sjå kampen han kjempa. Dei stod ved bytsteinane og sikla på jorda i sin vitlause kamp etter sjølve å bli større.

Faglaga må lese seg opp på fagforeiningsarbeid og revitalisere kombinasjonsbonden. Dei tillitsvalte må anerkjenner kombinasjonsbonden som fullverdig bonde. Han treng lovfesta rettar til fleksibilitet i arbeidslivet. Rett til å ta seg fri under sanking, slått og lamming, rett til å stikke på timen om ei ku vert sjuk. Han må ha lovfesta rett til å kunne ta opp att eit gjennlegg og få orden på grøftene.

Me treng ordningar tilpassa eit moderne kombinasjonsbruk som både arbeidsgivar, arbeidstakar og samfunnet er tente med. Til liks med arbeidet med å utforme ein familiepolitikk på 1970-talet som opna dørene for eit moderne familieliv der både mor og far kunne delta i arbeidslivet, treng me ein landbrukspolitikk som ivaretek kombinasjonsbonden sine behov.

Husdyrproduksjonen treng kreative løysingar for små samdrifter og nye og lettare rasar som toler bratt lende, vått og kaldt ver og som beitar betre. Me treng å streve etter ein nær kraftförfri husdyrproduksjon, og løysingar for små og mest moglege utegående besetningar.

Og det hastar. For medan bruka vert større og bøndene færre, minkar moglegheitene for å kunne kombinere.

Bjørn Egil Flø, forsker, Norsk senter for Bygdeforskning
bjorn.flø@bygdeforskning.no

Ein lengre versjon av denne kronikken står på trykk i siste utgåva av tidsskriftet Syn og Segn.



STILLER IKKE LIKT: Konkurransen i byggebransjen undergraves hvis bemanningsbyråene slipper unna lønnsplikten ved permittering, skriver Jorge Dahl. FOTO: BORIS ROESSLER, AFP/SCANPIX

Regjeringen hindrer konkurranse i bygg

PERMITTERING
Jorge Dahl



Regjeringen utvidet fra nyttår bedriftenes lønnsplikt under permittering fra ti til 20 dager. Det er en effektiv måte å sørge for at permitteringsinstituttet til LO og NHO ikke vil bli brukt, og det vil tvinge bedriftene til å nedbemanne permanent når ordretilgangen avtar eller det er ventetid på oppstart av nye prosjekt.

Men de nye reglene om 20 dagers lønnsplikt gjelder ikke alle. Statssekretær Kristian Dahlberg Hauge i

Arbeids- og sosialdepartementet uttalte nemlig tidligere i år til Avisenes nyhetsbyrå at ansatte i bemanningsbyråer har rett til dagpenger i perioder uten arbeid.

Dette er en konkurransevridning vi ikke har sett i norsk arbeidsliv tidligere.

Ansatte i bemanningsbyråene har en ansettelses-

avtale som sier at de er «fast ansatt uten lønn i perioder uten oppdrag». (Dette gjelder de store byråene, de fleste vi snakker med på byggeplassene har i beste fall en ulovlig korttidskontrakt.)

Dersom det altså er lovlig å unngå bedriftens lønnsplikt i 20 dager gjennom en slik passus i arbeidsavtalen, er dette en gullkattet mulighet for alle bedrifter uten tariffavtale: Bare omformuler arbeidsavtalen til å inneholde en bestemmelse om at lønn ikke utbetales i perioder uten

arbeid, så betaler Nav dagpenger fra første dag.

Eller gjelder det andre regler for bemanningsbransjen?

Kan Hauge eller

andre i departementet, eller muligens i Nav, forklare oss hvor vi finner disse særreglene for bemanningsbransjen?

Hvor står det at bedrifter som Adecco, Hs2 og Manpower slipper unna lønnsplikten når det er lite arbeid?

Jorge Dahl, leder i Rørleggersvnenes forening, Fellesforbundet
jorge@fellesforbundet.org

” Dette er en gullkattet mulighet for alle bedrifter uten tariffavtale.